

Søknad om godkjenning av plan for nydyrking i

Kommune	Fylke
---------	-------

Dette skjemaet skal brukast ved søknad om godkjenning av plan for nydyrking, jf. forskrift [om nydyrking § 7](#). Skjemaet skal før anleggsstart sendast den kommunen der arealet som ønskast nydyrka ligg. Kommunen si avgjersle kan påklagast til statsforvaltaren. Les rettleiinga på side 2 og 3 før søknaden vert fylt ut. Fyll òg ut vedleggslista på side 2 i skjemaet, og legg ved påkrevd og relevant dokumentasjon.

Nydyrkingstiltaket kan ikkje settast i gang før planen er godkjend. Dersom nydyringsarealet er over 50 dekar (eit vedlegg II-tiltak) skal kommunen behandle tiltaket etter [forskrift om konsekvensutredninger § 8](#). Òg mindre tiltak (under 50 dekar) skal behandlast etter § 3 dersom ein ikkje kan sjå bort frå at tiltaket kan få vesentlege verknadar for naturmangfald eller andre viktige miljøomsyn. Kommunen skal òg vurdere tiltaket etter føresegnene i kapittel II i naturmangfaldlova.

Grunnopplysningar

Søkjarens namn (etternamn, fornamn og mellomnamn)		Fødselsnr. (11 siffer, kun om du ikkje har org.nr.)
Organisasjonsnr. (9 siffer)	Adresse	
E-postadresse	Telefonnr.	
Eigedomen søknaden om plan for nydyrking gjeld		
Gnr.	Bnr.	Fnr.

Angi arealinformasjon i dekar (sjå eventuelt gårdskart)

	Eigedomen sitt totalareal	Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv skog	Uproduktiv skog	Grunn myr/ djup myr	Anna areal
1								
2	Beskriv driftsbygningar på eigedomen (tal på husdyrplassar, lagringskapasitet grovfôr, kornlager, korntørke, kjøleager etc.)							
3	Driftsform på eigedomen (husdyrhald, planteproduksjon mv.)							
4	Ved husdyrhald angi talet på dyr				Ved planteproduksjon, angi eigd areal i drift Talet på dekar:			
5	Har eigedomen tilstrekkeleg spreieareal for husdyrgjødsel i forhold til husdyrhaldet? ☐ Ja ☐ Nei				Dersom nei, angi behov for ytterlegare spreieareal (dekar)			
6	Er det registrerte natur- og kulturlandskapsverdiar på eigedomen? Sjå rettleiinga punkt E og F ☐ Ja ☐ Nei ☐ Veit ikkje						Dersom ja, angi namn/nummer på lokaliteten(ane)	
7	Oppgi totalarealet som skal nydyrkast (dekar)		Til fulldyrka jord (dekar)		Til overflatedyrka jord (dekar)			
8	Kva slags mark skal nydyrkast? Sjå eventuelt Gårdskart						Oppgi forventta avling	

9	Ved nydyrking av skogareal, oppgi hogstklasse og bonitet	
10	Beskriv planlagt drift av nydyrkingsarealet (utdjup eventuelt i eige vedlegg)	
11	Kva for økonomiske og driftsmessige fordelar vil ein oppnå ved nydyrkinga (legg ved kostnadsoverslag for nydyrkinga)	
12	Søknad om dispensasjon for nydyrking av myr	
	Etter forskrift om nydyrking av myr § 5 A andre ledd kan kommunen i særlege tilfelle gi dispensasjon til nydyrking av myr. Kryss av for kva alternativ som passar:	
12 A	1. Mista andre produksjonsareal på grunn av tap av leigejord eller ved utbygging i offentlig regi. ☐ 2. Grunneigars einaste dyrkingsressurs er myr. ☐ 3. Ivareta særskilte produksjonar på fjellgrunn. ☐	
12 B	Er arealet det er søkt om grunn eller djup myr? ☐ Grunn ☐ Djup	
12 C	Er arealet av vesentleg betydning for å oppretthalde drifta? ☐ Ja ☐ Nei	
13	Hvis ja begrunn:	
	Dato	Søkjaren si underskrift

Vedleggsliste

Søknaden <u>skal</u> innehalde:	Vedlagt	
Kart i farge (målestokk 1:5000) som viser det planlagde nydyrkingsarealet, tilkomsten til nydyrkingsarealet, eigedommen og området omkring	☐	
Plan for grøfting av nydyrkingsarealet (med ei beskriving av kvar ein skal deponere/dumpe stein/stubbar)	☐	
Søknaden <u>kan</u> òg innehalde:		Ikkje relevant
Konsekvensutgreiing	☐	☐
Beskriving av planlagd drift av nydyrkingsarealet (jf. punkt 10)	☐	☐
Kostnadsoverslag for nydyrkinga (jf. punkt 11)	☐	☐
Kart over registrerte natur- og kulturlandskapsverdiar	☐	☐

Rettleiing

A. Nydyrking kan berre skje etter godkjenning

Nydyrkingstiltaket kan ikkje settast i gang før planen for nydyrking er godkjend av kommunen. Grunneigar, jordskifteretten på vegne av den som har gjort krav på jordskifte, eller leigetakar m.fl. kan søkje om godkjenning av plan for nydyrking. Godkjenninga fell bort dersom nydyrking ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt. Kommunen kan sette vilkår ved godkjenning av plan for nydyrking, jf. [forskrift om nydyrking § 4](#).

B. Sakshandsaming

Kommunen skal innhente nødvendige fråsegner før dei treff eit vedtak, jf. [forskrift om nydyrking § 9](#), og elles sørge for at saka er så godt opplyst som mogleg. Regional kulturminnemyndigheit skal få anledning til å uttale seg. Sametinget skal få anledning til å uttale seg der nydyrkinga kan ha verknad for deira fagområde. Statsforvaltaren skal få anledning til å uttale seg der nydyrkinga kan få verknad for vesentlege natur- og kulturlandskapsverdiar. Det skal settast ein uttalefrist på minst ein månad. Kommunen si avgjersle kan påklagast til statsforvaltaren.

C. Kva ein reknar som nydyrking

Som nydyrking reknar ein fulldyrking og overflatedyrking av udyrka mark eller gjenoppdyrking av jordbruksareal som ikkje har vore i drift i over 30 år. Med fulldyrking meiner ein rydding og bryting til vanleg pløydjupn slik at arealet kan nyttast til åkervekstar eller til eng og beite som kan fornyast ved pløying. Med overflatedyrking meiner ein rydding og sletting av overflata slik at maskinell hausting er mogleg. Opparbeiding av overflatedyrka mark til fulldyrka mark reknast ikkje som nydyrking.

D. Vilkår/føresetnader for godkjenning

Planen for nydyrking kan ikkje godkjennast dersom nydyrkingsarealet ligg i kantsona mot vassdrag. I slike tilfelle må ein sette igjen ei vegetasjonssone mot vassdraget. Langs vassdrag med årssikker vassføring skal sona vere minst 6 meter målt ved normal vassføring. Langs vassdrag utan årssikker vassføring skal sona vere minst 2 meter. Som vassdrag reknar ein stillestående eller rennande overflatevatn med årssikker vassføring og vasslaup utan årssikker vassføring dersom det skil seg tydeleg frå omgivingane. Dersom nydyrkingsarealet over 50 dekar (eit vedlegg II-tiltak) skal kommunen behandle tiltaket etter [forskrift om konsekvensutredninger § 8](#). Òg mindre tiltak (under 50 dekar) skal behandlast etter § 3 dersom ein ikkje kan sjå bort frå at tiltaket kan få vesentlege verknadar for naturmangfald eller andre viktige miljøomsyn. Godkjenning av plan for nydyrking etter nydyrkingsforskrifta frittek ikkje grunneigar for plikta til å innhente nødvendig løyve etter anna lovverk.

E. Andre forhold som har noko å seie for avgjersla

Formålet med forskrift om nydyrking er å sikre at nydyrking skjer på ein måte som tek omsyn til natur- og kulturlandskapsverdiene. Det skal leggjast særleg vekt på verknaden nydyrkinga kan få for natur- og kulturlandskapsverdiene, og det skal gå fram av kommunen si avgjersle kva verdiar tiltaket kan få følgjer for, og kva konsekvensar nydyrkinga får for desse. Omsynet til natur- og kulturlandskapsverdiar skal vurderast for større område uavhengig av eigedomsgrenser. Som natur- og kulturlandskapsverdiar reknar ein miljøkvalitetar som landskapsbildet, mangfaldet i naturen og kulturminne. Til landskapsbildet høyrer eksisterende tilkomst til bakenforliggende areal.

Det er verknaden av nydyrkingstiltaket og verdien av natur- og kulturlandskapet som skal vurderast. Det vil vere ulikt korleis eit nydyrkingstiltak påverkar verdiene i området. I kvar sak må det gjerast ei vurdering av nytta av nydyrkingstiltaket opp mot eventuelle negative konsekvensar tiltaket kan få for natur- og kulturlandskapsverdiene. Kommunen sine vurderingar etter [naturmangfaldlova §§ 8-12](#) skal følgje av vedtaket, jf. [naturmangfaldlova § 7](#). I tillegg til natur- og kulturlandskapsverdiar skal kommunen leggje vekt på om det er ønskeleg å styrke driftsgrunnlaget for driftseininga og om nydyrkingstiltaket legg til rette for gode driftsløysingar. Utfallet av søknaden vil bli bestemt av ei avveing av desse omsyna.

F. Meir om utfylling av søknadsskjemaet

Før opp namn, organisasjonsnummer eller fødselsnummer (før opp fødselsnummer om du søker utan organisasjonsnummer) adresse, gards- og bruksnummer (ev. festenummer) på eigedomen som søknad for nydyrking gjeld. I punkta 1-6 gir ein opplysningar om eigedomen, og i punkta 7-11 gir ein opplysningar som ønskast nydyrka. Det er viktig at ein fyller ut punkta av omsyn til vurderinga av nydyrkingstiltaket. Under punkt 1 skal ein berre føre opp areal som høyrer til eigedomen, ikkje leigd areal. Arealinformasjon i punkt 1 kan hentast frå NIBIOs [Gårdskart](#) på internett.

I "Produktiv skog" reknar ein med skog av særskilt høg, middels og låg bonitet. I "Anna areal" reknar ein med kategoriane jorddekt og skrinfastmark, bebyggd, samferdsel, vatn, bre og ikkje klassifisert areal. I punkt 5 skal ein angi behov for areal i forhold til produksjonsomfanget. Før opp areal som eigedomen manglar, og som er nødvendig for å oppfylle krava til spreieareal i [forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 24](#). Når ein skal rekne ut behovet for areal, tek ein ikkje med leigd areal, berre eigd areal. Informasjon om registrertenatur- og kulturlandskapsverdiar under punkt 6 kan kommunen hjelpe til med å finne. Dei finst òg i karttenester på internett, blant anna:

- o Natur- og landskapsverdiar:
 - Miljødirektoratets kartteneste [Naturbase](#)
 - Artsdatabankens kartteneste [Artskart](#)
 - NIBIOs kartløysning [Kilden](#)
- o Kulturverdiar:
 - Riksantikvarens [Kulturminnesøk](#)

Registrerte naturverdiar kan til dømes vere prioriterte artar og utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova, eller artar og naturtypar oppført i Norsk Rødliste (for artar 2010, for naturtypar 2011). Andre natur- og kulturlandskapsverdiar kan vere områdevern etter naturmangfaldlova, kulturminne etter kulturminnelova, verdifulle kulturlandskap, utvalde kulturlandskap i jordbruket, Miljøregistreringar i skog, vernskog, og område vurdert som svært viktige (A-lokalitet) og viktige (B-lokalitet) i Naturbase.

Rettleiing

G. Tilsyn og brot på nydyrkingsforskrifta

Kommunen skal føre tilsyn med at føresegnene i nydyrkingsforskrifta og vedtak fatta med heimel i den vert følgde, jf. [forskrift om nydyrking § 12](#). Kommunen kan i samband med dette utføre ei synfaring på eigedomen. Kommunen skal gi statsforvaltaren melding om brot. Statsforvaltaren skal varsle departementet dersom brotet bør følgast opp ved tvangsgebyr etter andre ledd. Ved brot på forskrifta eller vedtak fatta med heimel i den, kan kommunen pålegge tiltakshavar å reparere skaden, godkjenninga kan trekkast heilt eller delvis tilbake, eller statsforvaltaren kan pålegge den ansvarlege tvangsgebyr, jf. [forskrift om nydyrking § 12](#).

H. Kulturminne

Dersom nydyrkingstiltaket utgjer 15 dekar eller meir av samla overflate over ei periode på fem år, vert det rekna som eit "større privat tiltak", og vert omfatta av undersøkingsplikta i [kulturminneloven § 9](#). I desse sakene vil nydyrkingsforskrifta og kulturminneloven gjelde side om side. Dette betyr at søkar må ha nødvendige løyve etter begge regelverk før tiltaket kan settast i gang. Sjå Klima- og miljødepartementet sitt rundskriv [T-2/99 om nydyrkingstiltak](#).

Staten kan dekke utgifter til arkeologiske arbeider dersom desse blir urimelig tyngende for tiltakshavaran, jf. [kulturminneloven § 10](#). Sjå Klima- og miljødepartementet sitt rundskriv som gjeld mindre, private tiltak: [T-2/2007 om dekning av utgifter til arkeologiske arbeider](#).

Dersom ein treff på automatisk freda kulturminner under gjennomføringa av tiltaket, uansett størrelse jf. [kulturminneloven § 4](#), skal arbeidet stanses og melding sendes til fylkeskommune/Sametinget, jf. [kulturminneloven § 8](#).

I. Nydyrking av myr

Nydyrking av myr er forbode. Med myr meinast i forskrifta «areal med myrvegetasjon og minst 30 cm tjukt torvlag». Skog med torvmark reknast også som myr når arealet elles tilfredsstiller krava til myr. Med myrvegetasjon meinast til dømes mosar, myrull-, starr- og sivartar, bjønnskjegg, soldogg og molte.

For rettleiing rundt søknad om dispensasjon, sjå [Landbruksdirektoratets veileder](#).

Dispensasjon kan berre gjevast i særlege tilfelle som angitt i skjemaet. Dersom eit av desse vilkåra er oppfylt, kan du søkje om dispensasjon.

Dersom arealet som skal nydyrkast er djup myr, må du leggje ved dokumentasjon på at dette er det eineste tilgjengelege dyrkingsarealet på eigedomen. Informasjon om dette fins i kartlaget «myrinformasjon» i Kilden. Dersom det ikkje fins data på dette for din eigedom, må du dokumentere dette sjølv. Kravet om at djup myr må være eineste tilgjenglege dyrkingsareal gjeld ikkje for søknader omfatta av punkt 3 over.

Etter forskrift om nydyrking § 5A femte ledd må søker dokumentere at det tiltaket det er søkt om er av vesentleg betydning for å oppretthalde drifta.

Når nydyrkingstiltaket er gjennomført skal grunneigar gi melding til kommunen. Løyve fell vekk etter tre år dersom tiltaket ikkje er igangsett.